



Slåtten og førefallande vedlikehald på Kunstgasbanen er eit av mange prosjekt for pensjonistgruppa ( Arkivfoto 2018 ).

**Pål Haugland tek initiativet til å få på plass ei seniorgruppe for førefallande praktisk arbeid i Uskedalen. Mange bygder har slike grupper. No er det Uskedalen sin tur. Pål Haugland inviterer til drøftingsmøte måndag 1. april kl. 19. Møte vert anten i Gamlskulen eller på Stemneplassen. Sjå notis i helga om nøyaktig møteplass.**

Tanken til Pål Haugland er at seniorgruppa kan hjelpa til med førefallandede oppgåver som har allmenn interesse. Det kan vera rydding og merking av turveggar og stiar. Det kan vera å leggja på plass stein og heller for å gjera framkomsten betre.

Pål Haugland har merka seg problemet med slåtten på grøntanlegget ved kunstgrasbanen. Høgt gras med mykje høymol på sommaren har vore til sjenanse og ført til eit dårleg heilhetsinntrykk på eit anlegg som har fått mykje ros. Eit gjerde til nedfalls i grensa til Neset er eit anna døme. Slik kan vi ikkje ha det. Ei pensjonistgruppe for praktisk arbeid vil vera til stor nytte og glede.



Den gamle vegen til Rød er eit aktuelt tiltak for frivillig arbeid.

Pål Haugland har merka seg framlegget til å gjenskapa turvegen til Rød. Den merka stien til Låganosø er eit anna prosjekt. Stien treng tilsyn og vedlikehald. Nokre parti med fine steinar lagt som ei trapp er komen i ulage. Her må det gjerast eit arbeid med handamakt.

På opningsmøte ynskjer ein innspel og gode tankar om aktuelle tiltak og arbeidsforma. Det sosiale med god drøs, kaffi og niste er viktig i alt frivillig arbeid.

***Merk deg måndag 1. april kl. 19, anten Gamleskolen eller Stemneplassen.***

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal